



KLEIVEN NEDRE

Av Knut Raastad, skrivi i 2004

Nedre Kleiven gnr. 93, bnr. 1 ovanfor Grevrusten i Nordherad vart skyldsett i 1861. Imbert Olsen 1814-1875, son til Ole Hansen Hagen, var i 1865 forpaktar i Kleiven. Imbert som var son til Ole Hansen Hagen vart i 1841 gift med Marit Ivarsdotter Moshuset 1814-1893. Fogdens bygsel til Engebret Olsen er frå 1841.

Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning nemner at dei hadde festeseddel på livstid frå 1843. Imbert og Marit hadde barna

Ole f. 1840, gift 1883 med Marit Jonsdotter Kvitulen 1850-1915, i Synnesonstuen

Kari f. 1842, utflytt Rennebu i 1862, død 1873 i Kleiven

Iver 1843-1843

Ragnhild f. 1845, til Rennebu 1864, blind i 1875, budde da i Kleiven

Iver 1849-1855

Hans 1852-1936, neste brukar

Anne f. 1854

I 1875 var det enkja Marit som var bestyrar for bruket, sonen Ole var da heime og hjelpte mora. Også i 1878 var det enkja som brukte Kleiven.

Hans Kleiven fekk i 1898 festeseddel frå fogden mot årleg avgift 2 kr.

Hans vart 1877 gift med Mari Paulsdotter Kårstad 1850-1928. Dei var i 1900 nemnde som gardbrukarar og husmenn, Hans var dessutan smed. I 1905 kjøpte Hans udyrka jord og bygde opp Åsberg. Hans og Mari hadde barna

Imbert 1879-1955, dreiv smie i Vågåmo, gift 1911 med Rønnaug Rolfsdotter Frisvold f. 1883

Pål 1881-1968, gift 1923 med Ragnhild Nyhus 1895-1931

Mathias 1884-1950, Storviksøygarden, gift 1915 med Marit Nilsdotter Odden 1888-1968

Ingvald f. 1887, gift 1915 med Torø Finstad f. 1891, i Vågåmo

Ivar f. 1889, til Oppdal

Hans f. 1892, til Ringeby

Anne 1900-1987, gift med Per J. Ness 1883-1956, i midtre Ness.

Pål som var turistfører i Jotunheimen frå 1906 overtok Åsberg etter faren i 1920. I 1932 fekk han skjøte på nedre Kleiven frå Landbruksdepartementet for kr 150,-, med kjøpet følgde ingen rettar eller servituttar over den attverande statsalmenning.

I 1938 fekk Henrik H Resvold skjøte på Kleiven for kr 1000,-. Skjøte var frå Marit Vågåsar, men hjemmelshavar Paul H Kleiven vedtok overdraginga. Henrik Resvold 1900-1981 var gift med Inger Ulsanden 1899-1996. Barna var Harald f. 1920, Hans f. 1926 og Gunnar f. 1929. Henrik og Inger overtok Resvold i 1948.

Henrik og Inger overtok Ulsandsetra på nördre Nistingen, og sidan har denne setra fylgd Kleiven. Henrik og Inger dreiv dermed samtidig både Skreppholet, Tassmyrhaugen og Ulsandsetra saman med Kleiven.

Kleiven vart seld til Marttingsdal som feriested, om lag 1975 fekk Frelsesarmeen bruket. Dottera til Pål Kleiven, Ingrid f. 1929 kjøpte i 1979 att bruket.

I 1875 var det i nedre Kleiven 1 ku, 5 sauer og 6 geit, medan dei sådde ½ tønne bygg, litt rug og 1 ¼ tønne poteter.

***Kjelder: P.Ø.Kvarberg 2000: Slektar i Vågå og Lom, s. 45,
Norske Gardsbruk 1953–1997
Folketelling 1865, 1875, 1900
Utdrag kyrkjebøker for Vågå
Pantebok/grunnbok
Gudbrandsdalskommisjonens Indberetning 1882***

